

Årsmelding Marit og Magne Dalseths Minnefond 2022-23

Styret i Marit og Magne Dalseths Minnefond har sidan stiftinga 28.11.2021 bestått av:

- Stein Bjørhovde (leiar)
- Marianne Kjørstad (nestleiar)
- Tone Anette Espe (kasserar)
- Egil Haugland
- Øyvind Haugland
- Per Ivar Lote

Det har ikkje vore avhalde årsmøte i stiftinga før.

Det har i perioden vore 1 styremøte (30.11.2022), men til tider dagleg kommunikasjon mellom styrerepresentantane pga. praktiske og administrative gjeremål:

- Få kontroll over bankkontoar og betale rekningar
- Avslutte abonnement
- Utarbeide vedtekter
- Få skifteattest
- Bestille gravstøtte
- Bestille og fylgje opp stell av graver
- Rydde i bustad og på eigedom
- Selje eigedelar inkludert ein rekkje trearbeidingsmaskiner
- Selje bil
- Få utarbeida takst og tilstandsrapport for eigedom
- Selje bustad
- Skaffe statsautorisert revisor
- Etablere opningsbalanse
- Registrere selskap i Brønnøysund
- Opprette bankkonto i stiftelsen sitt namn og avslutte private bankkontoar
- Utarbeide årsrekneskap for perioden 28.11.2021-31.12.2022, samt revisjon

ØKONOMI

På bakgrunn at spørsmål ang. rekneskapen på årsmøtet, er dette kapittelet føyd til årsmeldinga etter årsmøtet.

I rekneskapen for 2022 er det salsinntekter kr 119.554,- som er relatert til sal av alt inventar, maskiner og bil frå buet til Magne Dalseth. Utgifter

knytt til eiedommen før sal og kostnader i forbindelse med sal av eigedom utgjør totalt kr 131.783,- for 2022. Inkludert i dette er et skattekrav på kr 27.297,- ligg inne i kto. 7798 Andre kostnader.

Renteinntekter og kundeutbytte utgjør totalt kr 27.577,-. Dvs. at årsresultatet er kr 15.347,- som er tilsvarende endring i balansen frå 31.12.2021 til 31.12.2022.

Total egenkapital pr. 31.12.2022 er kr 2.585.107,- Inkludert i denne egenkapitalen ligg salsverdien av bustaden kr 1.481.430,- som pr. 31.12.2022 stod på sperra kontoen fordi vi enno ikkje hadde fått registrert stiftelsen i Brønnøysund og vi hadde dermed ikkje organisasjonsnummer som er et krav for å få oppretta bankkonto i stiftelsen sitt namn.

Pr. 01.01.2022 stod det kr 1.081.203,- på dei tre bankkontoane etter Magne Dalseth. Desse 3 kontoane er pr. i dag avvikla og alle midlar overført til stiftinga sin eigen bankkonto.

Stiftingskapitalen var 01.12.2022 berekna å vere 2.582.030,95 og denne summen utgjør registrert grunnkapital i stiftinga. Grunnkapitalen står omtala i vedtektene og ligg inne på eigen rekneskapskonto i balansen.

Haugen 28. juni 2023.

Styret i Marit og Magne Dalseths Minnefond v/styreleiar Stein Bjørhovde